



MØTEINNKALLING

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtedato: 30.05.2022
Møtested: Heradshuset
Møtetid: 12:30 - 15:30

Oppmøte utanfor Heradshuset kl. 12.30. Møtet startar med synfaring i Gatå på Dale. Etter synfaringa vil Rådet få omvisning i Elvevegen og Aktiviteten dagsenter. Møtet vert avslutta i kommunestyresalen i Heradshuset.

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Solrun Hauglum epost solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
09/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
10/2022	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
11/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
12/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
12/2022.1	Fylkessamling for kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne 6.-7.10.22
12/2022.2	Oppmoding frå Uloba - BPA ordning
13/2022	FRAMKOMMELEGHEIT I GATÅ PÅ DALE

25. mai 2022

Ole Anders Brekkhus
Leiar



Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/669

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/669

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Fast orientering frå kommunalsjef.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/669

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.03.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtedato: 22.03.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 13:00 - 15:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ole-Anders Brekkhus	AP	Utvalseiar
Evy Beate Kvamme	SV	Nestleiar

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Britt Brudvik	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Frode Brekke		
Ida Carlsen Eide Aabrek		

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef Helse og meistring
Bjart-Magnus N. Rosvold, kyrkjeverje, var til stades under sak 07/2022

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2022	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
03/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
04/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
05/2022	AKTIVITETEN DAGSENTER - DRIFT OG BRUKARBETALING
06/2022	PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE
07/2022	TILKOMST TIL DALE KYRKJE - DRØFTINGSSAK



Vaksdal kommune

08/2022

ÅRSMELDING 2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE



01/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

RFF - sak 01/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2022: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

Orientering frå kommunalsjef helse og meistring:

- Status Covid19 pandemien. Smitteutbrotet på Ressurssenteret på Vaksdal er over. Tilsette med tilsynslege, reinholdarar, teknisk personell og andre samarbeidspartar har gjort ein imponerande jobb i samband med smitteutbrotet.
- Orientering om oppfølging av tidlegare saker: parkeringsplassen utanfor senteret på Vaksdal er ikkje kommunal grunn. Synfaring i Gatå kan planleggjast på neste møte. Det kan truleg også besøk i Elvevegen.

Orientering frå leiar om oppfølging etter tidlegare synfaring i Gatå.

RFF - sak 02/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teken til orientering.

03/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:



Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

RFF - sak 03/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

04/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

RFF - sak 04/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

05/2022: AKTIVITETEN DAGSENTER - DRIFT OG BRUKARBETALING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilbudet ved Aktiviteten dagsenter vert som i dag når det gjeld tal plassar, opningstid, innhald og måltid. Brukarbetaling vert som vedtekne satsar for dagsenterplass i Vaksdal kommune, d.v.s. kr. 173,- pr. dag for dagopphold med tre måltid.

Levekårsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka og kommunedirektøren sine 3 alternative forslag til organisering.



Vaksdal kommune

Einingsleiar for helse Sigrun Stamnes Vik svarte på spørsmål.

Levekårsutvalet la fram følgjande forslag til innstilling:

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden.

Utvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

LEV - sak 05/2022 Vedtak/Tilråding:

Levekårsutvalet si innstilling:

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 22/2022 Vedtak/Tilråding:

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden:

Brukarbetaling ved Aktiviteten dagsenter vert som dei siste månadane, kr. 95,-. Tilbod og tal plassar vert som i dag, og det vert servert frukost, mellommåltid og middag på dagsenteret. Dagsentra i kommunen får ulik brukarbetaling, og når alle 10 plassane er i bruk på Aktiviteten, utgjør reduksjon i brukarbetaling eit inntektstap på kr. 160.000,- årleg for avdelinga.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

RFF - sak 05/2022 Vedtak/Tilråding:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar innstillinga til Levekårsutvalet.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 19/2022 Vedtak/Tilråding:



Brukarbetaling ved Aktiviteten dagsenter vert som dei siste månadane, kr. 95,-. Tilbod og tal plassar vert som i dag, og det vert servert frukost, mellommåltid og middag på dagsenteret. Dagsentra i kommunen får ulik brukarbetaling, og når alle 10 plassane er i bruk på Aktiviteten, utgjer reduksjon i brukarbetaling eit inntektstap på kr. 160.000,- årleg for avdelinga.

06/2022: PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Levekårsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Einingsleiar helse Sigrunn Stamnes Vik orienterte om saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LEV - sak 07/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Amalie Johnsen Lunde:

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Amalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 21/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:



Kommunalsjef Helse og meistring orienterte i saka og svara på spørsmål. Eldrerådet meiner planen er eit godt og viktig dokument og framhevar transport, møteplassar og samarbeid med skule (barn/ungdomar) som særst viktige område. Eldrerådet vil følgja opp planen. Rådet ønskjer også fleire møte liknande innspel- og dialogmøtet i Turbinen, og gjerne med inviterte innleiarar som t.d. Trude Dreveland.

ELD - sak 05/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Eldrerådet ser på planen som eit viktig og godt dokument som må holdast levande i planperioden. Eldrerådet vil følgja opp arbeidet med Leve heile livet reforma og ber om at det vert orientert om status på kvart møte. Eldrerådet ønskjer å gjenta den suksessen me hadde med samling i Turbinen med nye samlingar knytt til reform og innsatsområde.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

RFF - sak 06/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 18/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering. Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

07/2022: TILKOMST TIL DALE KYRKJE - DRØFTINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å gjera tilkomst til Dale kyrkje universelt utforma, og har følgjande forslag til vidare prosess:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022



Behandling:

Kyrkjeverje Bjart-Magnus N. Rosvold orienterte i saka. Det er igangsett prosjekt og teikna tilkomst med rampe til kyrkja på Dale. Det vart søkt om midlar til biskopen i Bjørgvin, men ein fekk ikkje midlar. Kyrkjeleg fellesråd har vedteke at dei skal jobba vidare med saka for å finna ei akseptabel midlertidig løysing. Soknerådet på Dale har også ønskje om å få tilkomsten til Dale kyrkje universelt utforma.

RFF - sak 07/2022 Vedtak/Tilråding:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å gjera tilkomst til Dale kyrkje universelt utforma, og oppfordrar Kyrkjeleg fellesråd til å holda fram med å jobba med saka. Rådet oppfordrar administrasjonen i samarbeid med Kyrkjeleg fellesråd å sjå på moglege løysingar og finansiering.

08/2022: ÅRSMELDING 2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

RFF - sak 08/2022 Vedtak/Tilråding:

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.



Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/669

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
12/2022.1	Fylkessamling for kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne 6.-7.10.22
12/2022.2	Oppmoding frå Uloba - BPA ordning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Fra: Politisk <Politisk@vlfk.no>

Sendt: mandag 16. mai 2022 11:01

Til: Politisk <Politisk@vlfk.no>

Emne: Fylkessamling for kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Til det kommunale rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Vestland, FFO og SAFO inviterer til fylkessamling for dei kommunale råda 6.-7. oktober i Bergen.

Det vert lagt opp til at kvar kommune kan sende 2 personar. Konferansen vil i tillegg verte streama.

Vi vil oppmode alle kommunale råd til å halde av datoen. Invitasjon med nærare informasjon vil kome.

Venleg helsing

Arild Knapskog
rådgjevar

politisk sekretariat
avdeling for organisasjon og økonomi



tlf.: 474 63 567
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.



Kjære medlemmer i Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Vaksdal kommune,

Vårens viktigste kamp for funksjonshemmede er i gang, og vi trenger hverandres støtte!

BPA er et likestillingsverktøy, og hensikten med ordningen er å bidra til økte muligheter for selvbestemmelse, livsutfoldelse og samfunnsdeltakelse for funksjonshemmede.

BPA er like viktig for våre liv som rullestolen, mobilitetsstokken, førerhunden, brillene eller høreapparatet. Men pr. i dag fungerer ikke ordningen slik den er ment.

Derfor nedsatte Regjeringen Solberg i 2019 et offentlig utvalg som fikk i oppdrag å gjennomgå og foreslå forbedringer i ordningen med brukerstyrt personlig assistanse (BPA). Utvalget skulle se på hvordan BPA kunne utformes slik at personer med nedsatt funksjonsevne kan leve mest mulige aktive og selvstendige liv.

I desember 2021 avga BPA-utvalget Norsk Offentlig Utredning (NOU 2021:11). Denne utredningen er nå på høring frem til 1. juli i år. Utvalget ble ikke enige om en felles innstilling, og det ble derfor fremmet to ulike forslag. De 4 funksjonshemmede utvalgsmedlemmene har stått sammen og lanserte et lovforslag i tråd med FN konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD-konvensjonen). Du finner mer om lovforslaget (dissensen) her:

[Funksjonshemmede lanserer eget lovforslag om BPA - Uloba](#)

Nå trenger vi funksjonshemmede å stå sammen!

Dette er vår sjans til å påvirke politikerne til å sørge for at vi endelig får en assistanseordning som fungerer, og som tar funksjonshemmedes faktiske

behov på alvor. En sjanse til å få leve et helt vanlig liv som alle andre, på fritiden, i utdanning, i arbeidslivet og i familielivet.

Det er nå det gjelder! En slik sjanse kommer trolig ikke igjen på mange år.

Vedlagt er et opprop for å stille seg bak funksjonshemmede i utvalget sitt alternative lovforslag.

Vi håper medlemmene i Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i hele Norge vil være med å støtte oppropet gjennom å dele det med så mange som mulig.

[Trykk her for å støtte vårt opprop: Bedre BPA nå!](#)

Vi oppfordrer og Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne om å sende inn egne høringsuttalelser. Mange av medlemmene i rådene er også medlemmer i ulike organisasjoner av og for funksjonshemmede, og vil helt sikkert kunne få gode innspill fra sine organisasjoner.

Egne høringsuttalelser kan sendes inn her:

https://svar.regjeringen.no/nb/registrer_horingsuttalelse/H2902914/

La oss stå sammen i å kreve en BPA-ordning som gir oss like muligheter til å delta i samfunnet!

Med vennlig hilsen

Uloba – Independent Living Norge SA

Ståle Bratlie

Visegeneralsekretær

FØLG OSS



© 2022 Microsoft Dynamics. Med enerett.

Tollbugata 114, 3041 Drammen

[Stopp abonnement](#)

<https://cc9a3643668e4cc584652ae24a0c184b.svc.dynamics.com/t/t/TaFbEwdEybhvmH4ALz6y7fGyQhceob45x2ZWOYnwW9wx/77A668hD3XNtVxpr4dylmjzE7zKTbtRaRbaHGm5nQGkx>



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/1427

FRAMKOMMELEGHEIT I GATÅ PÅ DALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etter synfaring saman med tenesteområde Digitalisering, innovasjon og samfunn har Råd for menneske med nedsett funksjonsevne følgjande innspel for å betra framkommelegheit og universell utforming i Gatå på Dale:

Saksopplysningar:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal arbeida mot diskriminering og med å betra framkommelegheit ved universelt utforma inne- og uteområde. Rådet har fleire gonger tidlegare drøfta tilhøva rundt framkommelegheit i Gatå på Dale, og har også vore på synfaring. Det er gitt innspel til tenesteområde Digitalisering, innovasjon og samfunn og til næringsdrivande og butikkar i Gatå kva som kan gjerast for å betra framkommelegheit. Nokre tiltak er iverksett, og andre er under planlegging.

Rådet ønskjer ei felles synfaring saman med avdelingsleiar i Digitalisering, innovasjon og samfunn og vil starta møtet 30. mai med slik synfaring.